



SAKSGANG		
Styre, råd, utval m.m.	Møtedato	Saksnummer
Kommunestyre	20.06.2013	061/13

Endeleg vedtak i: Kommunestyret	Arkivsaknr.: 13/979	Saksansvarleg: Jeanette Jensen
------------------------------------	------------------------	-----------------------------------

Høyringsnotat - Endring i pasient- og brukerettinghetsloven- rett til brukerstyrt personlig assistanse(BPA)

Rådmannen si innstilling

Vågsøy kommune vedtek høyringsuttale «Endringer i pasient-og brukerrettighetsloven –rett til brukerstyrt personlig assistanse(BPA), slik det går fram av vedlegget.

20.06.2013 Kommunestyre

Møtebehandling:

Fung. kommunalsjef Jeanette Jensen orienterte.

Votering

Rådmannens innstilling enstemmig vedtatt.

K-061/13

Vedtak:

Vågsøy kommune vedtek høyringsuttale «Endringer i pasient-og brukerrettighetsloven –rett til brukerstyrt personlig assistanse(BPA), slik det går fram av vedlegget.

Aktuelle lover, forskrifter og plandokument

Helse og omsorgstenesteloven
Pasient og brukerrettighetsloven

Bakgrunn for saka

I høve Stortingets behandling av Prop.L91(2010 -2011)Lov om kommunale helse-og omsorgstenester m.m. fattet Stortinget fyljande anmodningsvedtak:

Stortinget ber regjeringen utrede videre de økonomiske og administrative konsekvensene og raskt komme tilbake til Stortinget med et forslag om rettighetsfesting av brukerstyrt personlig assistanse for brukere med stort behov innenfor den samme økonomiske rammen som gjelder i dag.

Saksopplysninger / fakta

Etter anmodningsvedtaket sendte departementet i mars 2013 ut eit forslag om rett til BPA på høyring.

Den foreslåtte rettigheten skal virke i tillegg til lov om kommunale helse- og omsorgstenester m.m.(helse og omsorgstenesteloven) § 3-8. Det vil sei også overfor brukarar som fell utanfor rettighetsbestemmelsen skal kommunen vurdere om tenestene bør organiserast som BPA etter helse –og omsorgstenesteloven § 3-8 jfr.pasient og brukarrettighetslova § 2-1-a, annet ledd. Stortinget har i sitt anmodnings vedtak bede om ei rettighetsfesting av *BPA innanfor dei same økonomiske rammene som gjeld i dag.*

Det betyr at rettigheten må avgrensast til dei tilfelle der organisasjonsformen er kostnadsnøytral sett i forhold til ordinær drift av tenesten.

Avgrensinger av rettigheten:

Rettighetsbestemmelsen omfattar ikkje støttekontakt og vert avgrensa til å gjelde for personar under 67 år.

Rettigheten vil heller ikkje omfatte eit tenestebehov som krev meir enn ein tenesteyter til stede eller teneste som til vanleg har funksjon av å vere nattevakt.

Departementet ber særlig om høyringsinstansens synspunkt på vurdering av «stort »behov» og behovet for særskilt overprøving frå fylkesmannen ved avslag på BPA innanfor intervallet 25-32 timar.

Vurdering / konsekvensar

For ein brukar med behov for dagleg, punktvis hjelp, vil eit forsvarleg tilbod organisert som BPA generelt kunne medføre høgre samla tidsbruk og auka driftskostnader enn om tenestene vert gitt som ordinær kommunal bistand.

Det sentrale vurderingstema ved spørsmål om «stort behov» blir skjæringspunktet i tal tenestetimar knytt til når det vil vere kostnadsnøytralt å organisere praktisk bistand som BPA i forhold til å gje tenestene frå eigen personalbase.

<

Vedlegg:

Dok.nr
115634
108137

Tittel på vedlegg
Høyringsuttale -Endring i pasient -og brukerrettighetsloven -rett til brukerstyrt personlig assistent(BPA).doc
Endringer i pasient- og brukerrettighetsloven - Rett til brukerstyrt personlig assistanse BPA